# TOREKALL




1

Torekall kom av skogje heim,
trøytt'e var han og mo'e.
Tjuvan' ha' støle bort hamaren hass.
Han visste kje kveim det gjorde.
Torekall tøymer no folen sin med taumå.

2

Låkjen han tok åt vengje sin.
Nære flaug han sin sprengje.
Kom han seg åt Gremmeligård
førr Gremmil gjeng åt sengje.

3

Då han kom seg åt Gremmeligård,
stod Gremmil og rørde uti elde.
"Kó er tist uti Åsgårde,
no Låkjen er ute om kvelde?"

4

Ko er tist uti Åsgårde
og uti dine londå?
Laupand kjem du med slik fjett,
som du var jaga med stongå.

5

Det er no så tist uti Åsgårde,
vond og ingjen god'e.
Torekall ha' sin hamar mist,
han visste kje kveim det gjorde.

6

Eg ha' no hass hamar tikje.
eg døl inkje hono eit ord.
Åtte alni' og nie fabna'
eg ha' grave han ned i jord.

7

Inkje fær han att hamaren sin,
inkje meir han sjå,
minder han fløt og fører her heim
den yngste systre han å.

8

Låkjen han tok åt vengje sin,
nære flaug han sin sprengje.
Kom han seg åt Åsgårde
førr Torekall gjeng åt sengje.

Grimmen ha' din hamar tikje.
Han døl inkje de eit ord.
Åtte alni' og nie fabna'
han ha' grave han ned i jord.

10

Inkje fær du att hamaren din,
inkje meir han sjå,
minder du fløt og fører der heim
den yngste systre du å.

11

Det var fruenne velbore,
ho vart så ille med ord.
Ho dreiv blodet av våle sin,
ho svartna rett som ei jord.

12

No vilja me taka 'n Torekall,
vel vilja me byste hass hår,
klede på hono brurekle'u
og føre 'n åt Gremmeligård.

13

Dei toko deire veslare brur
og henne håret byste.
Så snare då voro dei brurpiku,
dei kledde på brure fysste.

14

Inn kom grimme jutulen
og såg på Valborg-skara.
Hente me hit mine beste kle'u
å lata meg fagran varda.

15

Uksekroppen så åt ho opp
og tvau punds kjel med kåle,
alle dei brød som baka var,
femta skjeppu med såde.

16

Femta spekjelaksar åt ho opp,
og nokle are små fiskar.
Detta var brure hennar beste spise,
forr ho lengta etter drikke.

17

Eg gjere no både skak og skjølv,
eg gjet inkje drikk' av honnå.
Du gjeve me no drikk' av bollstompå
og føre så hit med stongå.

18

Til svara grimme jutulen
heime uti sino velde:
Eg alder ha' set nokor veslare brur
ha' ete meir om kvelde.
Torekall tøymer no folen sin med taum

19

Til så svara den fule terna,
ho sat ikkje langt i frå:
Ikkje åt brure på åtte neter
slik hugde ho Grimil å sjå.

20

Jutulen letta på brurelin,
lysta han seg til å kysse.
Stokk han unna endlangan sal
så augo på brure lyste.

21

Til så svara jutulen
heime uti sine hallar:
Eg aldri såg nokor veslare brur
med augo så kvasse og kalde.

22

Til så svara den fule terna
ho sat ikkje langt i frå:
Ikkje sov brure på åtte neter
slik hugde ho Grimil å sjå.

23

Inn kom den arme jutul syster
bad om bruregåver:
Gjev du meg ringar av raude gull
og eg vil deg truskap lova.

24

Då kvad Grimil Jutulen
han var i hugen gram:
Bere no inn den hamaren
og leggje i brurefang.

25

Lo i hugen Torekall
då hamar i hand han kjende.
Grimil drap han så aller fyrst
og dertil alle hans kvende.

26

Skam få den arme jutulsyster
hogg ho fekk til gaman.
Så kom raustan Torekall
atter til sin hamar.